

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Torsdag 24.5.2019

**Stad:** Nes, Næringstunet

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Kjell Erik Skølt,	Hemsedal kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Sissel Kleven, regionkontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Karsten Popp Dideriksen,	Ål kommune
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Henrik Skovly,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

---

### **SAK 24/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 4.4-5.4.2019**

#### **Vedtak**

Protokollen 4.4 -5.4.2019 er godkjent.

### **SAK 25/19 VIDAREFØRING/UTVIKLING UNGT ENTREPRENØRSKAP HALLINGDAL**

Erlend Eggen og Erna Viken Holvik deltok frå Ungt Entreprenørskap Buskerud.

Bernt Ivar Bergum var med frå Hallingdal Næringshage.

Erna Viken Holvik og Erlend Eggen orienterte om Ungt Entreprenørskap og aktivitetar i Hallingdal, framtidsutsikter og mogelegheiter. Vedlagt presentasjon.

Bernt Ivar Bergum orienterte om prosjekt i samarbeid med Gol vgs og Ungt Entreprenørskap om entreprenørskapsveke 2019 (11.-13. juni). Lærarar får kurs i Ungdomsbedrift og elevane får bli med på Innovasjonscamp.

### **Vedtak**

Dagleg leiar utarbeidar sak til neste møte i Regionrådet med utgangspunkt å finne løysingar for vidareføring av Ungt Entreprenørskap i Hallingdal, der det også blir vurdert korleis Ungt Entreprenørskap i Hallingdal kan utvidast til også å gjelde vidaregåande skule.

### **SAK 26/19 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2022 - 2033, MEDVERKNAD MED KOMMUNEREGIONANE**

Anne Line Berglia frå Buskerud fylkeskommune orienterte om ny prosess for NTP og utfordringar knytt til transport, presentasjon vedlagt.

Dagleg leiar presenterte grunnlag for innspel frå Hallingdal, med vekt på hovudutfordringar. Presentasjon vedlagt.

### **Vedtak**

1. Med bakgrunn i dialog med Buskerud fylkeskommune om Nasjonal Transportplan 2022 – 2033 utarbeidar dagleg leiar utkast til utfordringsnotat, til regionrådsmøte 28.juni 2019. Mål, løysingar og prioriteringar vil bli tema på eit seinare tidspunkt.
2. Regionrådet for Hallingdal har vorte kjent med at det er skapt usikkerheit i forhold til Hallingdal sine prioriteringar på veg i gjeldande NTP-periode. Vegpakke Hallingdal har hatt høgaste prioritet i forhold til veginvesteringar dei siste åra, og det er ingen endring i dette.

### **SAK 27/19 TRAFIKKPLAN HALLINGDAL**

Ørjan Skare frå Brakar orienterte om forslag til Trafikkplan for Hallingdal, presentasjon vedlagt.

Målet for trafikkplanen er å utvikle enkle konsept for framtidig kollektivtilbod i Hallingdal. Konseptene er i utgangspunktet basert på dagens økonomiske rammer, men 1-2 konsept kan ha økonomiske rammer som er høgare enn dagens.

I møte vart det drøfta problemstillingar i forhold til m.a.:

- Val av konsept, styrking av hovudstrekningane
- Fleksibel transport, prøve ut nye løysingar som «Hent meg»
- Betre samordning skuletider og skuleskyss, t.d. Hemsedal – Ål vgs.
- Betre samordning tog - buss
- Kollektivtransport reiseliv

### **SAK 28/19 SKUE SPAREBANK, ORIENTERING**

Hans Kristian Glesne, adm. banksjef og Per Skøien, kommunikasjons- og marknadssjef, orienterte om Skue Sparebank i forhold til historie, ambisjonar og verdiar – «Vi bryr oss om folk». Det vart signalisert tydeleg at Skue Sparebank kan vera interessert i regionalt samarbeid innan ulike område av samfunnsutviklinga og som er i tråd med Skue sine verdiar.

Vedlagt presentasjon.

### **SAK 29/19 VIDAREUTVIKLING HALLINGHELSE**

#### **Vedtak**

Sak om «Vidareutvikling av Hallinghelse» verdt sendt kommunane i Hallingdal for vidare handsaming, med bakgrunn i Hallingtinget sitt vedtak 3.5.2019 (pkt. 1-3) og nytt pkt. 4, med bakgrunn i Regionrådet for Hallingdal si handsaming i sak 29/19, 24.5.2019:

1. Hallingtinget tek rapporten «Vidareutvikling av Hallinghelse» til orientering.
2. Hallingtinget tilrår at felles saksutgreiing om vidareutvikling av Hallinghelse vert handsama politisk i kommunane med bakgrunn i følgjande skisse, pkt.3:
3. a) Kommunestyret gjev si tilslutning til ei vidareutvikling av Hallinghelse i tråd framlagt rapport. Ein ber administrasjonen iverksetje dei tiltak som ikkje er omtala som kostnadskrevjande.
- b) Kommunestyret ber administrasjonen inngå nødvendige avtaler i påvente av pkt. 4.
- c) Hallinghelse vert frå 1. jan. 2020 vidareført med 2,5 faste kjernestillingar (1,0 ny stilling som dagleg leiar og vidareføring av tre halve rådgjeverstillingar). Dei tenesteytande stillingar som allereie er innarbeidd i driftsbudsjetta, vert vidareført. Dette gjeld deltidstillingar for logoped (25 %), klinisk ernæringsfysiolog (60 %), koordinator for veiledningsteam autisme (20 %) og ei fullfinansiering av velferdsteknologiprojektet med kr. 200'. I tillegg vert det oppretta ei fast 60 % stilling som koordinator for læring og meistring, der Hallinghelse skal søke mest mogeleg dekning av kostnadane gjennom prosjektmidlar.
- d) Hallinghelse vert bedt om å utgreie nærare gevinstane med felles kommuneoverlege og innhente vurderingar frå kvar enkelt kommune på tiltaket.
- e) Det vert for 2020 sett ei netto budsjettramme for Hallinghelse på 3,5 mill. For seinare år skal budsjettrammer og eventuelle nye tiltak vedtakast i representantskapet for Hallinghelse. Ei slik budsjettramme for 2020 gjev fylgjande fordeling av utgifter / meirutgifter på kommunane i Hallingdal:

	Hallingdal	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
Budsjetterte bruttoutgifter 2019	2.724'	565'	732'	571'	306'	416'	134'
<b>Netto meirkostnad «nye Hallinghelse» 2020</b>	<b>776'</b>	<b>194'</b>	<b>63'</b>	<b>209'</b>	<b>118'</b>	<b>147'</b>	<b>45'</b>
Sum utgifter 2020 fordelt på kommunane	3.500'	759'	795'	780'	424'	563'	179'

- b) Miljøretta helsevern Hallingdal vert styrka med 0,5 stilling frå 01.08.2019, der ein del av kostnaden vert finansiert gjennom sal av tenester. Dette gjev fylgjande fordeling av meirutgifter på kommunane i Hallingdal for 2020:

Hallingdal			Fordeling på kommunane					
Meirkostnad 0,5 st.	Sal av tenester	Netto kostnad	Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nes	Flå
376'	231'	145'	32'	33'	32'	18'	23'	7'

4. ... kommunestyre ber Regionrådet for Hallingdal i nært samarbeid med rådmannsutvalet om å koma med forslag til endeleg organisering av Hallinghelse, i samband med prosess som må gjennomførast i høve til ny kommunelov og ulike interkommunale samarbeid i Hallingdal. Dette arbeidet må vera gjennomført i løpet av 2022. Fram til dette er avklart blir Hallinghelse organisert som i dag, der Ål kommune er vertskommune.

**SAK 30/19 UngInvest AB, SØKNAD OM ØKONOMISK TILSKOT**

Ingebjørg Mæland, leiar UngInvest AIB og Trine Olsvik Løken, avd.leiar, UngInvest AIB avd. Hallingdal orienterte om status UngInvest AIB avd. Hallingdal og bakgrunn for søknad.

**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ber om eit møte med UngInvest Hallingdal, for ei nærare avklaring i forhold til søknad. Følgjande skal vera med i møte frå Regionrådet/rådmannsutvalet:

- ordførar Petter Rukke
- dagleg leiar Knut Arne Gurigard
- rådmann Hege Mørk

**SAK 31/19 HALLINGDAL MUSEUM, REGULERING AV TILSKOT FRÅ KOMMUNANE****Vedtak:**

Saka blir sendt attende til Hallingdal Museum for å klargjera endring av tilskot frå dei einskilde kommunane, dei siste åra.

**SAK 32/19 EVENTUELT****Trafikkstasjon Gol**

Ordførar Heidi Granli tok opp spørsmål i forhold til Gol Trafikkstasjon og forslag til redusert opningstid. Det blir gjort nærare vurdering av konsekvensar før der event. blir bedt om eit møte med Statens vegvesen, der ordførar Gol og Hol og dagleg leiar deltek.

Hallingdal 24.5.2019

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

**Vedlegg:**

- Sak 25-19 Vidareføring/utvikling Ungt Entreprenørskap Hallingdal, presentasjon
- Sak 26-19 Nasjonal Transportplan 2022 - 2033, presentasjon Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal
- Sak 27-19 Trafikkplan Hallingdal, presentasjon
- Sak 28/19 Skue Sparebank, presentasjon